

Hagewick Bygg AS  
Holtermannsveien 21B  
6918 Frekhaug

Alversund 21.08.2019

**Kommentar til nabovarsel gjeldande Gnr.137 Bnr.253 mottatt 03.08.2019 samt mail fra Hagewick Bygg AS mottatt 16.08.2019.**

Vi har følgande kommentarar til nabovarselet:

Vedrøyrande sjølve nabovarselet:

Me meiner nabovarselet ikkje inneheldt dei opplysningar me treng for å kunne sjå alle konsekvensar av tiltaket. Hagewick bygg vil ikkje oppgi hverken høgdeforskjell eller takvinkel då dette i følge dei ikkje er relevant for at ein skal få eit inntrykk av bygget. Me meiner at teikningar bør vere målsett og at det bør følgje målsett situasjonsplan med nabovarselet. Vidare er me og usikker på om tiltaket kan vere avhengig av dispensasjon. Primært ber me om at det vert gjort ei ny nabovarsling der dei etterspurde dokumenta vert lagt ved og er merkt med referanse som er i samsvar med oversikt over vedlegg i sjølve nabovarslingskjemaet.

Vedrøyrande tiltaket slik me forstår det ut frå oversendte nabovarsel:

Slik bygget framstår av byggteikningar og skildringar gitt i nabovarsel vil dette utgjere eit stort og massivt påbygg. Påbygget vil være større og høgare enn allereie eksisterande bustad på tomta. Ikenberget/Alvermarka er eit byggefelt med mange einbustader. Eit bygg av slik høgde og omfang vil opplevast som estetisk forstyrrende. Påbygget vil således bidra til å forringe nærmiljøet, og ikkje harmonere med byggeskikken i området. Vi ber om at lokale byggenormer vil følgast og at mønehøgda vert sett maksimalt på same høgda som eksisterande bygg på tomta. På den måten vil påbygget verte ein meir naturleg del av byggmassen og sitje betre i terrenget på tomta.

I nabovarsel vert det informert om at tak på påbygg vil verte høgare enn noverande bygg, samt at takvinklar vil avvike frå det som er på gjeldande bustad. Som nemd tidlegare er vi kritisk til ei høgare høgde på mønet på påbygget og ber om at den vert sett til same høgde som noverande bygg. Vi er også kritisk til dei ulike takvinklar som vil forekomme på same tomt. Her har noverande bygg ein takvinkel, påbygg vil få ein anna vinkel og sist vil garasjen ha ein vinkel som er skjøvet til sida. Desse ulike vinklane vil opplevast som rotete og lite einsarta.

I mail frå Hagewick byggj vert det opplyst at parkering vil vere som gjeldande ordning på tomta og er difor ikkje skissert i nabovarselet. Parkeringa slik den blir brukt i dag er ikkje innanfor gjeldande lovverk. Tomta har pr i dag to innkjørslar som er i bruk, ein på oppsida av tomta og ein innkjørsel i svingen nedom huset. Sett ut frå plankart både i nabovarsel og digitalt vil delar av parkeringa på oppsida av huset vere del av kommunal veg. Ein pressisering av parkering og innkjøring på tomta vil vere ein viktig del av ei byggesøknad og vi ber om at desse vert holdt innanfor gjeldande reglar og rettningslinjer.

I følge planteikningar sendt i nabovarsel er det skissert ein stor hovuddel i huset samt to bueiningar i kjellaren. Sjølv om Hagewick pressiserer at desse bueiningane vil vere kopla til hovudbueininga er vi urolig for om desse vil bli nytta til utleige seinare. Kva ellers skal ein med to ekstra leiligheiter i kjellaren?

Noverande bygg, påbygg og garasje vil bygge ut store delar av tomta. Vi ber om at kommunen vurderer utnyttelsesgrad på tomta og at dette er innanfor det som ligg i lovar og rettningslinjer.

Med bakgrunn i denne kommentaren reknar vi oss som part og ber om å få tilsendt dokument gjeldande saka.

Med helsing Jeanet Lindås og Thomas Remme

Kopi: Lindås kommune